




Naturen i Vestland



Tore Larsen
Statsforvaltaren i Vestland

Vestland fylke har den mest varierte naturen i Noreg

Vegetasjonssonar:

Frå sør til nord: *nemoral, boreonemoral, sørboreal, mellomboreal, nordboreal, alpin, sørarktisk*

Vegetasjonsseksjonar:

Frå kyst til innland: *sterkt oseaanisk, klart oseaanisk, svakt oseaanisk, overgang, svakt kontinental*

Vegetasjonsgeografiske regionar:

| | |
|----------------|----|
| Danmark | 2 |
| Finland | 10 |
| Sverige | 17 |
| Vestland fylke | 22 |

I heile Noreg finst 26 vegetasjonsgeografiske regionar.



Vestland fylke har den mest varierte naturen i Noreg

Med den store variasjonen følgjer også stor variasjon i naturtypar og artar








- Varmekjære tørrbakkeartar i indre fjordstrøk
- Kuldetilpassa artar rundt dei store breane
- Fuktkrevjande artar knytt til nordvendte lier og nedbørrike fjellheier
- Kuldesky artar på dei ytste øyene




Dessverre er ikkje denne variasjonen jamt fordelt, og lite av den finst i verna område...



Høgdelag



| | | |
|---|-------------|-----------------------|
|  | 2000-2500 m | 4,4 km ² |
|  | 1500-2000 m | 1872 km ² |
|  | 1000-1500 m | 10376 km ² |
|  | 500-1000 m | 9839 km ² |
|  | 0-500 m | 11906 km ² |



Alle høgdelag (0-2500 m):

33 997 km² landareal, av dette er 7350 km² verna etter Naturmangfaldlova



21,6 % av landarealet er verna



Under 2000 m:

33 993 km² landareal, av dette er 7346 km² verna etter Naturmangfaldlova



21,6 % av landarealet er verna



Under 1500 m:

32 121 km² landareal, av dette er 6092 km² verna etter Naturmangfaldlova



18,97 % av landarealet er verna



Under 1000 m:

21 745 km² landareal, av dette er 1700 km² verna etter Naturmangfaldlova



7,82 % av landarealet er verna




Under 500 m:

11 906 km² landareal, av dette er 446
km² verna etter Naturmangfaldlova

3,75 % av landarealet er verna





| Høgdelag | Areal | Areal som er verna | Del av høgdelaget som er verna | Fordeling av høgdelag i det totale vernearealet på 7350 km ² : |
|-------------|-----------------------|----------------------|--------------------------------|---|
| 2000-2500 m | 4,4 km ² | 4,4 km ² | 100 % | 0,06 % |
| 1500-2000 m | 1872 km ² | 1254 km ² | 67,0 % | 17,1 % |
| 1000-1500 m | 10376 km ² | 4392 km ² | 42,3 % | 59,8 % |
| 500-1000 m | 9839 km ² | 1254 km ² | 12,75% | 17,1 % |
| 0-500 m | 11906 km ² | 446 km ² | 3,75 % | 6,0 % |

Område med stort mangfold har lite vern

76,9 % av det verna arealet ligg høgare enn 1000 meter over havet



Mangfaldet av artar og naturtypar finst derimot i låglandet

Men under 500 moh. er berre 3,75 % av landarealet verna etter naturmangfaldlova

Kommunane er derfor dei viktigaste forvaltarane av naturmangfaldet



Naturen i Vestland fylke – nokre særtrekk

Indre delar av fylket:

- Varmekjær edellauvskog
- Gammal furuskog
- Solvarme tørrbakkar og berg
- Gamle kulturlandskap med styvingstre, slåttemark og haustingsskog
- Rasmarker
- Vassdrag og fossefall

Pelskjuke, berre på styva asketre



Gammal slåttemark på skrinn, solvarm jord



Mnemosynesommerfugl, ein rasmarksart



Naturen i Vestland fylke – nokre særtrekk

Midtre delar av fylket:

- Edellauvskog
- Gammal skog
- Regnskog
- Brakkvassdelta
- Naturbeitemark



Naturen i Vestland fylke – nokre særtrekk

Ytre delar av fylket:

- Kystlynghei
- Naturbeitemark
- Regnskog
- Kystfjell, sør- og nordvendte berg
- Terrengdekkande myr
- Sanddyneområde



Naturen i Vestland fylke – nokre særtrekk

- Svært stor naturvariasjon: Det mest varierte fylket i Noreg (og Nord-Europa)
- Internasjonale verdier: Fjordlandskap, brelandskap, gamle styvingstre, kystfjell, kystlynghei, gammal skog
- Nasjonale verdier: Naturbeitemarker, slåtteeenger, brakkvassdelta, rik edellauvskog, regnskogsmiljø
- Mange verdifulle naturtypar
- Mange raudlista og truga artar: Stort mangfald, særleg blant lav, sopp, insekt og mosar
- Mange utfordringar: Granspreiing, hjorteforvaltning, opphøyr av tradisjonell skjøtsel – og ikkje minst: Folk og artsrik natur er samla i dei same, attraktive lågtliggende dalføra...

Tapt natur på Vestlandet?

Marine elvedelta:

- Dannast der elver renn ut i sjøen og legg igjen sand- og grusmassar
- Berre eitt stort, *nesten* komplett marint elvedelta igjen i Sør-Noreg: Gaulosen i Trøndelag
- I Vestland er det ingen intakte, større elvedelta (heller ikkje dei som er verna)



Snart tapt natur på Vestlandet?

Flaummarkskog:

- Svært artsrik naturtype på elvesletter, tilpassa årleg flaum.
- Så godt som alle større elvesletter og dalbotnar i låglandet i Vestland fylke er oppdyrka eller utbygd med bustadområde, vegar o.a., og elvekantane er «flaumsikra» med vollar og steinsetting.
- Alle restar av naturtypen er fragmenterte, små og sterkt trua.

